



2008

Prosjektrapport

Beiteprosjektet i Agder og Telemark



Thor Christiansen

XXX

Vinje kommune

SAMANDRAG

Beiteprosjektet i Vinje handlar seg om turistbygda Vågslid der gardane ikkje har vore hausta på 40 år, samt eit grunneigarlag som ville gjere noko med det. Her låg det godt til rette – ved praktiske tiltak - å vise kva grunneigarar kan få til om dei samarbeider, samt å hauste erfaringar og skape motivasjon til nytte for andre grender.

INNLEIING

Skildring av kommune / område

Beiteprosjektet i Vågslid, Vinje kommune er et av 10 pilotprosjekt som deltar i et samarbeidsprosjekt for Telemark og Agderfylka , med fokus på areal- og driftssamarbeid med beitande husdyr i kulturlandskapet.

Vinje kommune har eit areal på 3106 kvm¹, der jordbruksarealet på om lag 19 kvm¹ utgjer 0,6 % av arealet i Vinje. Skogen står for 9 % der resten av arealet er fjell, utmark og vatn..

Det er registret 570 jordbrukseigedomar over 5 da der berre 111 (31.07.2009) einingar søker om produksjonstilskot. Sauetalet (1200 vfs) er på veg ned, medan tal storfe og geit på beite syner ein aukande trend.

I sommar var det 650 storfe, 9580 sau m/lam, 1700 geiter og 200 hest/hjort lama på beite. Av dette gikk 260 storfe, 317 saum/lam, 200 geiter på innmarksbeite.

Husdyr og bruk med husdyr i Vinje kommune 1995 - 2009

Registrert 1.januar

	1995	2000	2006	2007	2008	2009
Kyr	287	234	151	154	127	107
Brukarar	44	29	16	13	12	10
Snitt buskap	7	8	9	12	11	11
Ammekyr	26	77	155	156	156	148
Brukarar	3	13	12	11	11	12
Snitt buskap	9	6	13	14	14	12
Geit	1482	1365	1376	1367	1345	1242
Brukarar	32	24	19	19	20	18
Snitt buskap	46	57	72	72	67	69
Sau	5050	4924	4613	4512	4665	4152
Brukarar	129	106	70	65	64	58
Snitt buskap	39	46	66	69	73	72
Sum brukarar med husdyr	208	172	117	108	107	98
Storfe på beite		550				650
Geit påbeite		1660				1700
Sau m/lam		11600				9580

I pilotområdet Vågslid var det ein heil grend der det ikkje vert hausta på ein einaste gard. Vågslid er godt synleg der E-134 går tvers igjennom bygda. Grenda er for mange innfallsporten til Vinje og ikkje minst Telemark. Gardane har små innmarksressursar og bygda ligg på 800-900 moh. Det er 172 dekar jordbruksareal fordela på 7 eigedomar. Utmarksressursane er likevel store (35 000 da) og vert i stor grad nytta innan turisme og hyttebygging. Det er stor turistutbygging i området. Det er nok ikkje mogleg å drive moderne jordbruksdrift på desse areala dag. Elisabeth og Knut Haugarne frå Edland har sist år beita deler av arealet med sin kjøttfebesetning (Angus). Det bur folk på dei fleste gardane.

Bakgrunn for deltaking i prosjektet

Kulturlandskapet.

Statistikken viser eit totalt jordbruksareal på over 26 000 dekar der om lag 18 000 dekar vart omfatta av gardbrukarar som søker produksjonstilskot. Kommunen har etter måten store eng- og innmarksbeiteareal som er dårleg arrondert og som i aukande grad vert liggande unytta. Det er registret 570 jordbrukseigedomar over 5 da der berre 110 einingar søker om produksjonstilskot. Ein kan etter kvart sjå med eigne augo kor fort desse areala som ikkje vert hausta gror igjen. Det er dokumentert at det biologiske mangfaldet vert redusert ved gjengroing, jf. avisoppslag i Nationen 31.10.2007. Artsdatabanken står fram og fastslår at færre beitedyr er den største trusselen mot biologisk mangfald i fjellbygdene.

Landbruksnæringa.

Det er ein kjent sak at dei generelle marginane i husdyrproduksjonen er små og i småbruksstrukturen vi har i Vinje kommune spesielt. Inntil for få år sidan heldt sauetalet seg stabilt medan tal bruk vert redusert. No ser ein at også sauetalet er på veg ned. Dess fleire som legg ned, jo færre er det som set opp og vedlikeheld gjerder, og arbeidsbyrden for dei som fortsett nyttar beitene vert større. Dette er ein vond sirkel og mottiltak er viktig.

Turistnæringa.

Initiativ og brev frå Vågslid i Vinje kommune viser at turistnæringa engasjerer seg i opplevinga av eit vakkert og opent kulturlandskap. Ein godt synleg grend (Vågslid) som gror igjen gjev dårlege assosiasjonar Ein kan og vise til oppslag i media frå Vestlandet (td. Geiranger) kor kulturlandskapet vert sett på som ein vesentleg del av opplevinga turistane har når dei er på besøk. Som nemnt er Vågslid er godt synleg der E-134 går tvers igjennom bygda. Grenda er for mange innfallsporten til Vinje og ikkje minst Telemark.

Busetting.

Jordbruksareal som gror igjen gjev preg av forfall og fråflytting. Dette påverkar busettinga i området negativt. Eit opent og flott landskap har mottsett verknad, noko som til dømes prosjekt Øyfjell City ser som viktig i sitt arbeid for auka tilflytting til bygda i ein annan del av kommunen

Lokal organisering

Grunneigarar i Vågslid har igjennom mange år vore organisert i Vågslid grunneigarlag. Problematikk med gjengroing og forfall av jordbruksareal på eigedomane i bygda har vore på dagsorden i laget utan at ein har kome fram til noko god løysing. Det var med andre ord eit lokalt engasjement rundt dette temaet, ein var klar over dei negative konsekvensane av dette og motiverte for å gjere noko. Vi hadde med andre ord ein god moglegheit for å vise i praksis og hauste erfaring på kva ein kan få til når grunneigarar er gode på samarbeid.

Utfordringar

Invitasjon til prosjektet er sendt ut til organisasjonar og aktuelle (handplukka) grunneigarar og grunneigarlag i kommunen. Det kom initiativ frå to grender i kommunen, Vågslid og Øyfjell (Øyfjell City). I Vågslid er det grunneigarlaget som i møte har vedteke å søke om å få bli med som pilotområdet i beiteprosjektet.

Ein har sett nokre risikofaktorar i høve til desse prosjekta. Ressursane i prosjektet er - slik ein har forstått det - knytt opp mot tilrettelegging og utredning av problemstillingar ved utvikling av kulturlandskapet. Dette skaper likevel forventningar i pilotområde om noko meir konkrete tiltak som til dømes oppsett og finansiering av gjerde. Ein kan oppleve frustrasjon og lav interesse om ein som grunneigar ikkje ser effektane etter prosjektet. Dette heng og saman med den risikoen at grunneigarar kan trekkje seg ut av pilotområdet undervegs.

Prosjekt kan gje fleire positive moglegheiter innan grunneigarsamarbeid og bruk av beitedyr. Ein har forventningar om at andre område kan kome etter med tiltak innan kulturlandskap om prosjektet kan vise til gode resultat.

PROSJEKTORGANISERING OG PROSJEKTDRIFT

Styringsgruppe

Vinje Bondelag v/ Svein Gloppe
Rauland/Vinje Bonde- og Småbrukarlag v/ Olav Rui
Husdyreigar Elisabeth Haugarne
Vågslid Grunneigarlag v/ Odd Heggenes
Vinje kommune v/ Thor Christiansen

Prosjektleiing

Thor Christiansen, landbruksrådgjevar ved næringskontoret i kommunen har vært prosjektansvarlig. Tone Edland har vore tilsett som dagleg leiar i prosjektet på timebasis fram til 31.12.2009. Næringskontoret har bidrege med administrasjons- og rekneskapstenestar, medan Tone har hatt ansvar for det praktiske arbeidet i samarbeid med husdyreigar og grunneigarlag. Prosjektet har og kjøpt tenestar – særleg til gjerding – av husdyreigar, men har og brukt kommunal landbruksvikar til dette. Fakturerte tenestar tilsvarer om lag $\frac{3}{4}$ av den praktiske arbeidsinnsatsen i piloten.

Grunneigarar lokalt er organisert i grunneigarlag representert med Odd Heggenes. Prosjektet hadde formelt berre kontakt med han. Laget tok sjølv ansvar for å informere og gjere avtaler med grunneigarane sjølve. Laget verkar godt organisert, var klare på kva dei kunne gjere og kva dei ønskte og motsett. Det var ein stor fordel for prosjektet å ha berre ein person å forhalde seg til i staden for 9 grunneigarar.

Prosjektplan/Framdriftsplan

Opphavleg prosjektplan skjematistert.

Aktivitet	Ansvarleg	Tid
1. Oppstartmøte/synfaring	Landbruksrådgjevar	Vår 08
2. Tilsetting av prosjektleiar	Næringssef	
3. Etablering av styringsgruppe	Landbruksrådgjevar	Vår 08
4. Framlegg til prosjektplan	Prosjektleiar, styringsgruppe	Vår 08
5. Framlegg til avtale mellom prosjektgrunneigarlag-husdyrhaldar	Landbruksrådgjevar, styringsgruppe	Vår 08
6. Avtale underskrive av Vågslid grunneigarlag og prosjektet/kommunen	Landbruksrådgjevar	Vår 08
6. Klargjering av beiteareal, synfaring, og utveljing/tinging av gjerde	Prosjektleiar, grunn-eigarlag, husdyrhaldar	Sommer 08
7. Oppsett av gjerde	Prosjektleiar, husdyrhaldar	Sommer 08 /09
8. Erfaring ved beitebruk	Prosjektleiar, grunn –eigarlag, husdyrhaldar	Sommer 08 /09
9. Informasjon til media	Landbruksrådgjevar	Beiteslipp 08/09
10. Søknad om SMIL-midlar	Landbruksrådgjevar	Haust 08
11 . Gjennomgang av tilskotsreglar, avdekke problemstillingar i høve til beitebruk	Landbruksrådgjevar	Vinter 09
12.. Møte i styringsgruppa, evaluering og planlegging av ny sesong	Landbruksrådgjevar	Vår 09
13. Prosjektrapport	Prosjektleiar, landbruksrådgjevar, styringsgruppe	Høst 09

Ressursbruk

Plan- og miljøutvalet i kommunen har vedteke å bruke kr 300 000,- til prosjektet i tillegg til SMIL-midlar frå 2008 på kr 50 000,- og SMIL-midlar frå 2009 på kr 30 000,-, samt kr 100 000,- i sentrale prosjektmidlar. Fakturerte utgifter/lønskostnader er om lag kr 200 000,-. I tillegg kjem ressursbruk til landbruksrådgjevar. Viser til budsjett- og rekneskapsversikten. SMIL-tilskot dekkjer om lag 40 % av gjerdekostnader (utstyr, arbeid).

Det er tilsatt eigen prosjektleiar for piloten. Kommunen berekna storleiken til om lag 30% av full stilling på årsbasis, der storparten skulle utførast om sumaren. I staden har storparten denne ressursen vert brukt til kjøp av fakturerte tenestar frå husdyrhaldar. Rekneskapet syner at fakturerte tenestar (arbeidshjelp til gjerding) tilsvarer om lag 3/4 av den praktiske arbeidsinnsatsen i piloten. Kommunal landbruksvikar har og blitt nytta i nokre dagar.

Gjennomføring

Prosjektplanen er for det meste gjennomført, men med nokre endringar. Problem med leveranse av utstyr, samt at gjerding har teke lengre tid enn planlagt er årsak til at beiteslipp ikkje har skjedd før i juli. Det står og att å gjerde inn ein nokre mindre frittliggande areal på ein eigedomen.

Det var i utgangspunktet 6 eigedomar med jordbruksareal med i grunneigarlaget. Hausten 2008 kom det med ein grunneigar til med etter måten store og godt arrondera areal. Da slike jorde gjev rasjonell beitedrift så ein det som viktig å få det med i prosjektet. Inngjerdinga av dette området har starta, men vert dessverre neppe ferdig innan prosjektslutt.

Styringsgruppa ønskjer at dette vert fullført, då ein har utstyr nok. Husdyrhaldar er blitt lova at beite skal vere tilgjengeleg neste vår.

KOSTNADER OG FINANSIERING

Rekneskap for beiteprosjekt - pilotområde Vågslid 2008-09

	Budsjett	Faktisk
 Samla utgifter	305 000	260 400

 Samla inntekter	400 000	480 000
---------------------------------------------------------------------------------------------------	---------	---------

	Budsjett	Faktisk
Administrasjon		
Løn dagleg leiar	35 000	5 000
Lønskostnader og kjøring	30 000	5 800
Møtekostnader	10 000	12 000
Sum	75 000	22 800
Eigeninnsats Vinje kommune:		
Landbruksrådgjevar	40 000	28 000
Kontorhald, telefon, kjøring (4200,-)	20 000	15 000
Sum	60 000	43 000
Sum	135 000	65 800

	Budsjett	Faktisk
Tiltak i piloten		
Løn dagleg leiar (24 000,- ++)	100 000	25 000
Utstyr	70 000	90 300
Kjøp av tenester		77 500
Landbruksvikar		1 800
	170 000	194 600

Inntekter		
Prosjektmidlar		100 000
Vinje kommune - vedtak		300 000
SMIL-midlar		80 000
		480 000

Rekneskapet er ikkje endeleg. Det er stipulert med noko meir løns- og møtekostnader enn utbetalt.

Vinje kommune har vedteke å nytte kr 300 000,- til beiteprosjektet. Faktiske kostnader inklusiv eigeninnsats er om lag kr 260 000,-. Det er ein differanse i høve til budsjetterte inntekter på kr 220 000,-. Noko av dette må nyttas for å ferdigstille piloten i Vågslid.

Styringsgruppa har deretter ønskje om å nytte ubrukte midlar i andre grender i kommunen etter å ha motteke innspel om å få til liknande beiteprosjekt. Truleg må dette gjennom ein ny politisk handsaming i kommunen.

GJENNOMFØRTE TILTAK

Kva er oppnådd og gjennomført:

- Avtale med grunneigarlag
- Avtale med husdyreigar
- Innhenting av tilbod frå leverandørar
- Planlegging av gjerdetrase i samarbeid med grunneigarar, og husdyrhaldar
- Gjerding
- Tiltak på beite – vatn, straum, portar, rydding av søppel og skrot
- Beiting med 20 kjøttfe Aberdeen Angus, samt 5 hestar.
- Kontakt med media, oppslag i lokal- fylkes- og riksaviser.
- Utforming av informasjonsplakatar, powerpoint presentasjon mm.
- Det har vore tre møter i styringsgruppa
- Aktørar i prosjektet har delteke på faglege arrangement i regi av prosjektet mm. , samt halde foredrag på diverse møter.
- GPS-registrert gjerder og lagt inn i kart
- Arealberekning på kart.
- Dokumentering av problemstillingar, erfaringar og løysingar

Vidareføring

I følgje avtale med grunneigarlaget skal grunneigarane overta gjerdet. Dei har vidare ansvar for at inngjerda areal vert nytta vidare til beite. Ansvar for vedlikehald blir ein privat avtale mellom dei og beitebrukar. Husdyrhaldar ser det og som attraktiv å ha sine dyr der oppe, slik at ein reknar med at vidare beiting kan fortsette utan store problem. Ein har god tro på at denne "vinn-vinn" situasjonen ein har oppnådd kan halde fram.

MÅLSETNING – MÅLREALISERING

Målet for prosjektet er å leggje tilhøva til rette for at ein gjennom beiting kan reversere attinginga av kulturlandskapet i Vågslid. Dette på ein måte som kan tene grunneigarane, husdyrhaldar, fastbuande og reiselivsnæringa i området, samt skape motivasjon og kunnskap til nytte for andre eigarar av landbrukseigedomar.

Det er pr. i dag gjert inn og nytta til beite totalt 113 dekar, der 67 dekar utgjer jordbruksareal. Tek ein med det som er planlagt utført (Skytja/Arbutun) vil ein ha totalt 219 dekar tilgjengeleg for beiting, der 133 dekar utgjer jordbruksarealet. Dette utgjer ein utnytting på 77 % av det faktiske jordbruksareal i Vågslid på 172 dekar, jf. NIJOS gardskart.

Årsaka til at ikkje alt jordbruksareal er nytta skyldast lokalt ønskje om avstand til tun, samt arronderingsmessige tilhøve. Mykje av restarealet krev mykje gjerde og urasjonell organisering av beitinga. I tillegg er ein del utmark (som nok tidlegare også vart nytta som

beite) tatt med for å binde saman innmark og gje rasjonell beiting. Utmarka vil etter kvart også få meir preg av open beitemark, noko som var eit ønskje frå grunneigarane. Der ligg og ein del attgrodde gamle steingjerde som då vil kome til heider og verdigheit igjen.

Arealet er fordela på tre større teigar 80, 60 og 24 dekar (teigen på 60 og 24 dekar er berre delt med gardsveg). Dette er rasjonelle storleikar som er eigna for beiting av buskarar med 10-20 storfe. Resten er fordela på mindre teigar der det er mest praktisk å bruke hest, då desse er lettare å flytte på og kan delast i mindre flokkar. Flokken med storfe må gå samla grunna tilgang til okse.

Styringsgruppa konkludera på evalueringsmøtet at prosjektmålet lang på vei var oppnådd. Det har berre vore positive tilbakemeldingar frå grunneigarar, turistar og fastbuande. Beitinga har gjeve bygda eit heilt anna preg med grøne jorde i staden for brunt og vissent gras. Mange var overraska over "ryddeegenskapane" til ammekyrne og kor fort dei reinska opp. Det var store kontraster mellom grønt og nedbeit areal og det brune og gamle graset på areal som ikkje vart beita når hausten kom. Det ser meir velstelt ut og utsjånaden gjev forbi-passerende positive assosiasjonar. Ein kommentar er at det er blitt "liv i Vågslid" også på sumaren. Ein har og lukkast med å få til større samanhengande område som gjer beitet attraktivt for husdyrhaldar.

Prosjektet har hausta og dokumentert erfaring som kan nyttast for andre. Ein har vore i kontakt med andre grunneigarar i andre delar av kommunen med attgrodd jordbruksareal som eignar seg dårlig for rasjonell drift med moderne maskiner. Underteikna har tro på at det er mogleg å få til andre beiteprosjekt etter kvart. Det går mykje storfe på utmarksbeite som nok heller kunne ha gjort nytte for seg – i kombinasjon med å ha tilgang til gode beite – ved å halde vedlike kulturlandskap. Ein klar føresetnad er å få til større og rasjonelle einingar.

VIKTIGASTE ERFARINGAR – KONKLUSJON

Motivasjon

Tiltaket i Vågslid syner at motivasjon og personleg interesse har vore avgjerande for få resultat. Grunneigarlaget har hatt fokus på situasjonen med gjengroing og hatt eit ønskje om å gjere noko med det. Vi har hatt ein husdyrhaldar som har vore på utkikk etter gode og rasjonelle beite for buskaper og som har eigeninteresse i at det blir gjort noko. Ho har vore ein pådrivar, stilt opp med mykje ressursar og er ein viktig årsak til resultatet. Det var og naudsynt å ha ein dagleg leiar for å administrere det heile.

Samarbeid

I Vågslid er gjerdene sett opp på 7 forskjellige eigedomar - uavhengig av eigedomsgrensar - takket være grunneigarsamarbeid. Vi har å gjere med eit godt organisera grunneigarlag som er klare på kva dei ønskjer og som er konsekvente i høve til prosjektet. Prosjektet har formelt sett halde seg til ein representant frå laget som har fått dei naudsynte fullmakter til å bestemme på vegne av grunneigarane. Det er då ein føresetnad at laget sjølv er gode på å halde grunneigarane informert og oppdatert på kva som skjer. Prosjektet syner at det er lett å få resultat der grunneigarar er godt organisera og taler med ein stemme.

Avtaler

Prosjektet og grunneigarlaget hadde ein prosess for å kome fram til ein skriftelig samarbeidsavtale alle grunneigarar kunne skrive under på. Avtalen regulerar bruken av areal og inngjerdinga samt seier noko om kva som skjer etter prosjektslutt. Ein ser det som naudsynt å ha dette på plass før ein går i gang.

Tilbakemeldingar

Ein skulle tro at å starte opp med beitedyr i eit område med turisme, fastbuande, tungtrafikk osv. ikkje berre ville vere positivt men og skape konflikhtar. Vi var førebudd på negative konsekvensar som:

- lukt- og flueplage,
- dyr som bryter seg ut og gjer skade i hage og tun
- lause dyr som skaper trafikkfarlege situasjonar på E-134
- gjerde som er eit hinder for turvegar og skiløypar
- område som vert opptråkka og sølete
- folk som vert redde og skremt av beitedyr

Så langt har vi – med få unntak - berre motteke positive reaksjonar frå publikum, det vere seg fastbuande, grunneigarar og turistar. Det kan verke som om dette vert oppfatta som så positivt at eventuelle negative sider ikkje vert tillagt særleg vekt. Det har vært nokre få tilfelle med utbrytarar, men ein opplever då at folk i området heller tar ansvar og - etter å ha meldt i frå - passer å på at det ikkje oppstår skade. Det er verdt å merke seg at ein på førehand har prøvd å ta omsyn til eventuelle ulemper som nemnt, og på den måten har unngått ein del problem.

Andre erfaringar – uventa problem

Søppel og skrot

Det viste seg at røysar og andre stader i innmarka har vore brukt til oppsamlingsplass for søppel, glas og jernskrap oppigjennom tidene. Mye av dette er glømt og grodd igjen. Husdyrhaldar fikk dessverre såpass store skader på ei ku etter å ha tråkka opp i dette at dyrlege måtte tilkallast og kua takast heim frå beite. Ein måtte då prøve å kartleggje desse stadene og setje opp eit mellombels gjerde rundt dei. Grunneigarar blei kontakta gjennom grunneigarlaget, og har i nokon grad rydda opp i dette. Ein ser det ikkje som tilrådeleg – ut frå omsyn til dyrevernet - å ha dyr i området utan at dette vert rydda heilt.

Trafikktryggleik

På ein stad vart det gåande hestar inntil autovernet mot E-134. Det synte seg at hestane likte å stå der med hovudet og halve overkroppen ut mot vegbanen. Med så mykje trafikk det er på denne vegen sumartid kan nok dette skape farlege situasjonar og krev at det vert sett av ein viss avstand mellom beite og vegen/autovernet.

Tilskotsordningar

Formålet med kulturlandskapstilskuddet er å medvirke til å skjømte, vedlikeholde og utvikle kulturlandskapet gjennom aktiv drift, og til å holde jordbruksareal i drift i samsvar med gjeldende landbrukspolitiske mål i følge rettleiinga. I Vågslid greier vi ikkje å få ut noko tilskot grunna avkortingsreglar. Det må bli ein utfordring for dette beiteprosjektet sentralt å øve press på myndigheitene for å få regelverket meir i tråd med den type beitebruk som truleg vil bli meir vanleg etter kvart.

Aktuelle tema i prosjektperioden

- fokus på store/rasjonelle areal uavhengig av eiegdomsgrensar
- inngjerding må ikkje vere til hinder for bruk av våningshus/tun og hytter
- inngjerdinga må ta omsyn dyras åtferd . Unngå smale passasjer og blindvegar.
- vurdere bruk av frist
- vurdering av gjerdetype i høve til mye snø og ski/skutertrafikk. Konklusjon er at alt gjerde må leggest ned om hausten
- vurdering av gjerde i høve til utbrytarar og mykje trafikk. Konklusjon var permanent el-gjerde med to trådar på heile arealet
- vurdering av dyreslag. Grunneigarlaget ville ikkje ha sau grunna dårlege erfaringar frå tidlegare. Konklusjonen er at storfe/hest er greie å gjerde inne og handtere. Dei er og gode beitepussare og haustar for det meste alt.
- omsyn til brønnar og drikkevassforsyning
- omsyn til stiger og turistvegar
- vurdering av tal dyr i høve til areal og beitepress
- vurdering av manuell rydding av skog/kratt. Er ikkje gjort då ein forventar at tråkk og beiting vil redusere på krattet
- tilknytning til anna næringsverksemd/ turisme. Då det i stor grad er grunneigarlaget medlemar som står for dette så ein det ikkje som naudsynt å trekkje inn ytterligare interessentar
- GPS-registrering og arealberekning
- sjølv om noko areal er lite rasjonelt å ta i bruk vil det av omsyn til utsjånad og heilskapleg inntrykk av kulturlandskapet vere viktig å ta det i bruk likevel, td. Nesheim og Arbutun
- oppsett av info-folder, desse står på strategiske stader
- vurdering av beitebruksplan. Er ikkje gjort noko med så langt
- utnytting av produksjonstilskotet for jordbruksarealet. Problemstillinga oversendt prosjektet sentralt
- fotodokumentasjon før og nå
- kupert landskap med mykje kriker og kroker gjev utfordringar til gjerdet, truleg flaks at ikkje fleire dyr har kome seg ut

Dette er ikkje ein endeleg versjon av rapporten

Hvilken erfaring har vi gjort i prosjektet som kan ha betydning for fremtidig læring. Er det noe vi må være spesielt oppmerksom på i eventuelle påfølgende prosjekt.

Spesielle ting som bør fremheves i sluttrapportering

Positive erfaringer- hva er det beste vi har fått til..

Hva kan andre lære av oss?

Andre synspunkt

Prosjektresultater – konklusjoner

Eventuelle avsluttende bemerkninger.